



## Møteprotokoll

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyret

**Møtestad:** Folgefonnsenteret, Rosendal

**Dato:** 20.03.2017

**Tidspunkt:** 13:00 – 16:00

### Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Jon Larsgard	Medlem	Jondal kommune
Siri Klokkestuen	Medlem	Etne kommune
Leif Sverre Enes	Medlem	Kvinnherad kommune
Benthe Bondhus	Medlem	Hordaland fylkeskommune

### Følgjande medlemmar hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerar
Solfrid Borge	MEDL	Ullensvang herad
Roald Aga Haug	MEDL	Odda kommune

### Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Kåre Olav Grønsnes	Solfrid Borge	Ullensvang herad

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Astrid Bakke Haavik	Nasjonalparkforvaltar

### Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 3/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 4/17	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 5/17	Årsmelding - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017		2017/3249
ST 6/17	Prioritering av tiltaksmidler for 2017		2017/3249
ST 7/17	Prosjektplan besøksstrategi		2016/2843
ST 8/17	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Odda - Bygging av tre småkraftverk - Småkraft AS		2017/1176
ST 9/17	Vurdering av klage - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med helikopter og snøskuter til Holmaskjer turisthytte for rørslehemma		2017/740
RS 1/17	Tilbakemelding - Tilskudd til verdiskaping basert på naturarven 2017 - Buer - Innfallsport Folgefonna nasjonalpark		2017/785
DS 1/17	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter til eige og leigd sel i Vierdal - Ingrid Riise		2017/909
DS 2/17	Delegert vedtak - Motorferdsel til forskning - Universitetet i Bergen - Folgefonna nasjonalpark		2017/2263
DS 3/17	Framlegg - Motorferdsel med snøskuter - Folgefonna nasjonalpark - Buer LVO		2017/2315
DS 4/17	Framlegg - Bondhusdalen landskapvernområde - Søknad om motorferdsel - Kvinnherad kommune		2017/1286
DS 5/17	Framlegg- Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter - transport av matriell - Sandvinsstølane		2017/2373
DS 6/17	Delegert vedtak - Motorferdsel med snøskuter til stølshus og landbruksdrift - Buer LVO og Folgefonna NP - Tori Kambestad		2017/3117
DS 7/17	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel - Flyging av saltsteiner og salt		2017/2543

## **Orienteringssaker**

- Forvaltar orienterte om oppsummeringa av brukarundersøkinga gjort sommaren 2016.
- Det er planlagt å endre verneforskriftene for å tillate sykling i verneområda
- Forvaltar er i gong med arbeidet med å lage eit delegeringsreglement som skal fungere som ein oversikt over alle rollar i nasjonalparkstyret og avklare ansvarstilhøva dei i mellom. I tillegg vil vi samle all informasjon om kva slags mynde nasjonalparkstyret er tildelt.
- Forvaltar ønskjer at neste styremøte vert saman med ein synfaring knytt til sommarskisenteret i Jondal

## **ST 3/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i - 20.03.2017**

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 4/17 Underskrift av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2017**

### **Vedtak**

Protokoll frå førre møte vart underskrive.

## **ST 5/17 Årsmelding - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2017**

### **Vedtak**

Årsmelding vart vedteken.

## ST 6/17 Prioritering av tiltaksmidler for 2017

### Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2017

#### Handsaming i møtet

Forvaltar orienterte om status på dei ulike tiltaka som er omsøkte og tildeling til styret frå Miljødirektoratet. Styret ber forvaltar om å finne ut om kulturminneplanar i kommunane inn mot verneområdet. Fleire av tiltaka venter på tiltaksmidler frå andre kjelder.

#### Vedtak

Styret vel å utsetje prioriteringa av dei fleste tiltaka til vi har meir informasjon om kva som trengs for å gjennomføre tiltaka. Førebels tildeling er vist under:

Verneområde	Skildring	Søkt om	Førebels tildeling
Folgefonna NP	Forprosjektering innfallsport Etne <i>I tråd med besøksstrategi (under arbeid) vil Folgefonna nasjonalparkstyre vere med å tilrettelegge for ein innfallsport/utsiktspunkt for Folgefonna i Etne. Forprosjektering vil gå ut på å planlegge kor eit slikt informasjonspunkt skal ligge og planlegge utforming og gjennomføring av tiltaket</i>	<b>50 000</b>	50 000
Buer LVO	Benker og bord ved innfallsport Buer <i>Innfallsport Buer opplever stor auke i tal besøkande og det er ønskeleg å tilrettelegge med bord og benkar for dei besøkande nede i sjølve Buer. I tråd med besøksstrategi (under arbeid)</i>	<b>70 000</b>	
Bondhusdalen LVO	Reparere bru ved Sandarvollen <i>Brua på Sandarvollen treng rekkverk etter ein flaum</i>	<b>10 000</b>	10 000
Folgefonna NP	Hengebru over Skrelet <i>Innfallsport Ullensvang, Buførevegen har behov for eit infrastrukturtiltak ved ei bru for å kunne gje gåande eit godt alternativ for å kome inn på stien frå Reisetet. Tiltaksmidlane vil dekke brukar og fundamentering.</i>	<b>15 000</b>	<b>SNO</b>
Buer LVO	Utbetring av sti til Buerbreen <i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besøkande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forsure og andre parti er sterkt prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i>	<b>100 000</b>	
Hattebergsdalen LVO	Reparere sti over Hattebergselva	<b>50 000</b>	
Alle verneområda	Kartlegging av kulturminne	<b>100 000</b>	50 000
Alle verneområda	Kartlegge stisltasje	<b>50 000</b>	
Alle verneområda	Besøksundersøking	<b>50 000</b>	
Alle verneområda	Løveskilt	<b>20 000</b>	<b>SNO</b>
Miljødirektoratet	Tildelt til SNO	39 000	
	Tiltak i verneområde – pott	250 000	
	Besøksstrategi	50 000	
Førebels tildelt			110 000
REST			190 000

## **ST 7/17 Prosjektplan besøksstrategi**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2017**

#### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å starte arbeidet med besøksstrategi for verneområda som nasjonalparkstyret har forvaltingsmynde for, i tråd med prosjektplanen.

## **ST 8/17 Folgefonna nasjonalpark - Odda - Bygging av tre småkraftverk - Småkraft AS**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2017**

#### **Vedtak**

Det er først og fremst opplevingsverdiane knytte til eit levande elvelandskap som vert påverka. Ridestien/Turistvegen opp Tokheimslia har fleire gonger fått støtte til tiltak frå Folgefonna nasjonalparkstyre. Turgåarar kjem i kontakt med elva fleire gonger på veg oppover og vil gå frå å oppleve ein flaumstor vestlandselv til ein sildrande bekk på sumarsdagen.

Folgefonna nasjonalparkstyre er positive til tiltaket. Det er føreslått ei rekke avbøtande tiltak for å dempe konfliktane med turvegen. Det vert sett på som positivt å rydde gran rundt stien og å legge til rette for turgåarar. Folgefonna nasjonalparkstyre har allereie informasjonspunkt knytte til denne stien og ber om å verte med i planlegginga av nye informasjonspunkt.

## **ST 9/17 Vurdering av klage - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med helikopter og snøskuter til Holmaskjær turisthytte for rørslehemma - Odda**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2017**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltar orienterte kort om klagen og om tidlegare løyve gitt til motorferdsel gitt frå Folgefonna nasjonalparkstyre. I tidsrommet 2014 til mars 2017 har nasjonalparkstyret gitt 79 løyver til motorferdsel innafor dei verneområda styret har mynde over. Totalt var det gitt løyve til 822 enkeltturar. 13 av løyva var gjeve etter § 48 i naturmangfaldlova, kor 9 gjaldt helikopter, 3 gjaldt snødekt mark og 1 gjaldt ferdsel med motorbåt. Det var gitt tre avslag på søknad om motorferdsel i same periode, alle desse sakene gjaldt persontransport av personar med ulike former for rørslehemmingar.

Styreleiar kommenterte:

I klagen frå Fylkesmannen er omsynet til presedens i liknande saker tillagt stor vekt. Nasjonalparkstyret vurderer denne saka som så spesiell, at ein ikkje har same bekymring i høve til å skapa presedens.

- Historisk sett har forvaltningsstyret hatt svært få søknader om transport av funksjonshemma.
- Dei søknadene styret har hatt har vorte handsama etter ein streng praksis og er avslåtte.
- Dei særeigne tilhøva knytt til dette tilfellet er så mange, at ein ikkje ser store sjansar for å koma borti liknande saker seinare. Bakgrunnen er:
  - grunnfinansiering med utgangspunkt i ein kulturpris,
  - den er gjeve til ein eldsjel for vern og tilrettelegging av bruk av nasjonalparken
  - engasjementet er særleg knytt til denne staden
  - tilbodet rettar seg mot lokale ungdomar med funksjonshemming
  - støtta opp om av lokale ideelle organisasjonar

Forvaltningsstyret legg og vekt på at det ikkje kan visast til fare for skade på naturmangfaldet som følge av eit eventuelt løyve. Ulempene er knytt til støyen og uroen tiltaket medfører for friluftslivet. Samstundes vert det frå fylkesmannen vist til Nasjonal forskrift for motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdarag som gir ein opning for å gje løyve til persontransport for rørslehemma etter § 5b, men berre til snøskuter. Etter vår oppfatning ville eit slikt løyve til snøskutertransport vore til større ulempe for verneføremålet, også med omsyn til støy, enn det omsøkte løyvet. (I heilt spesielle unntakstilfelle som dette, vil og § 6 i same forskrift kunne vurderast.)

Det vert årleg gjeve eit betydeleg tal løyve til helikoptertransport i nasjonalparken. Den marginale effekten av dette løyvet vil vere liten. Det kan kan og framstå som eit paradoks at mange av desse helikopterturane er for å tilretteleggje for at funksjonsfriske på enklare måte skal kunne få ei oppleving knytt til nasjonalparken. Verneforskrifta sin § 2 om verneformålet, der «Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.» bør kunne omfatta funksjonshemma i eit unntakstilfelle som dette.

Styreleiar gjev framlegg om at vedtaket vert oppretthalde og det er einstemmig røysta for.

## **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre opprettheld sitt vedtak frå 31.01.2017 om å gje Odda/Ullensvang turlag løyve til persontransport av born og unge med rørslehemmingar. For nærare føringar sjå vedtak 2/17.

**RS 1/17 Tilbakemelding - Tilskudd til verdiskaping basert på naturarven  
2017 - Buer - Innfallsport Folgefonna nasjonalpark - DS 1/17 Delegert vedtak  
- Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter til eige og leigd sel i  
Vierdal - Ingrid Riise**

**DS 2/17 Delegert vedtak - Motorferdsel til forskning - Universitetet i Bergen -  
Folgefonna nasjonalpark**

**DS 3/17 Framlegg - Motorferdsel med snøskuter - Folgefonna nasjonalpark -  
Buer LVO**

**DS 4/17 Framlegg - Bondhusdalen landskapvernområde - Søknad om  
motorferdsel - Kvinnherad kommune**

**DS 5/17 Framlegg- Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter -  
transport av matriell - Sandvinsstølane**

**DS 6/17 Delegert vedtak - Motorferdsel med snøskuter til stølshus og  
landbruksdrift - Buer LVO og Folgefonna NP - Tori Kambestad**

**DS 7/17 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel -  
Flyging av saltsteiner og salt**